



Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As
Fotlandsvegen 39
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4292 - 23/46540

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
13.06.2023

Løyve til utslepp av oljehaldig avløpsvatn - Gbnr 322/232 Mjåtveit

Tiltak: Søknad om utslepp av oljehaldig avløpsvatn
Byggjestad: Roslandsvegen – Gbnr 322/232
Tiltakshavar: Borlaug & Brosvik Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS

Saka gjeld søknad om utslepp av oljehaldig avløpsvatn frå industribygg med vaskehall.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:


Meland kommune ga i 2012 løyve til etablering av oljeutskiljar for utvendig vaskeplass på 50 m³. Oljeutskiljar som blei installert er, i følge søkar, ei NS12 som er bygd om til ei NS 8 med 6 m³ integrert sandfang. Utvendig vaskeplass skal no erstattast med innvendig vaskehall. vert erstatta med innvendig vaskehall. Det vert søkt om endra bruk av denne for industribygg med vaskehall. Ut i frå innsendt berekningsgrunnlag vil anlegg ha kapasitet til å handtere ny situasjon.

Følgjande utstyr skal knytast på anlegg:

- 1 stk. høgtrykkspyler
- 1 stk. spylekran DN 20 (vaskekum med kran i hall)

Dimensjonerings grunnlaget vil gje ei størrelse på anlegg på NS 6.

Det er på bunnleidningsplan viset 1 stk. eksisterande rist i golv som ikkje er teke med i berekningsgrunnlag, men som skal ha avløp til utskiljaren. Dersom denne vert teke i berekinga vil dette gje ei størrelse NS 8.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Vurdering/drøfting:

I følge søkjar er eksisterande anlegg er ei NS 12 som er bygd om til ei NS 8 med integrert sandfang på 6 m³. Anlegget er installert i 2012 for ei vaskeplass på 5 x 20 meter (100 m²). Det er opplyst om at ein skal nytte 2 stk. høgtrykkspyler. Rist/sluk på vaskeplass er ikkje med i berekningsgrunnlaget.

Tiltakshavar ynskjer no å få bygd eit industribygg med innvendig vaskehall over eksisterande vaskeplass. Tiltaket medfører endring av eksisterande forhold. Dette utløyser krav om nytt utsløpps-løyve.

Alver kommune har, i lokal forskrift, endra krav til utsløpp av oljeholdig avløpsvatn for nye utsløpp til resipient (sjø, terreng og heilårs bekk) og til kommunalt avløpsnett. Da verksemda er etablert i eit svært sårbart område, vert det sett krav om at utskiljar skal støtte krav til utsløpp der innhald av olje er i vatnet er < 10 mg/liter. Oljeutskiljar har, i dag, utsløpp til overvassnett som går til terreng med til renning til elv med elvemusling.

Tidlegare gitte løyve fell bort og vert erstatta av dette løyve. Sjølv om verksemda tidlegare har fått godkjent eit utsløpp med høgare innhald av olje, vil endring av eksisterande forhold utløse krav om nytt løyve etter dagens reglement.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune har vurdert søknad og gjev med dette løyve til utsløpp frå nytt industribygg med vaskehall på Gbnr 322/232 på vilkår.

Vedtak:

Med heimel i lokal forskrift om «påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn - Alver kommune» gir Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning løyve til å knytte oljeutskiljar på kommunalt nett på følgjande vilkår:

- **Tidlegare gitte løyve av 20.12.2012 fell bort og vert erstatta av dette løyvet.**
- **Anlegg vert godkjent for følgjande utstyr:** 1 stk. høgtrykkspyler, 1 stk. utslagsvask m/kran 3/4" (DN 20), samt rist i golv.
- **Bruk av såpe/avfettingsmidler:** Såpe og avfettingsmidlar er som skal nyttast skal være godkjent til bruk for oljeutskiljar anlegg. Verksemda må gå i dialog med godkjent kjemikalie leverandør for å optimalisere bruken av kjemikalier. Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier kan påverke anlegget sin reinsefunksjon.
- **Tømmefrekvens:** Anlegg skal tømmast minimum 1 gong per år og elles når det er behov for tømning. Anlegg skal tømmast før anlegget når maks lagringskapasitet. Anlegg som når maks lagringskapasitet vil ikkje kunne skilje ut meir olje slik at olje kan verte ført ut på kommunalt nett. Tømmeoperatør skal ha tilgang på kaldt vatn.

Rist (sluk) skal tømmast og reingjerast ved behov. Når sluk vert tømt og reingjort skal dette førast inn i driftsjournalen. Tømte masser skal leverast til godkjent mottak, da dette kjem inn under farleg avfall. Verksemda skal dokumentere massane er levert til godkjent mottak.

- **Prøvetaking:** Det skal takast minimum 2 representative prøver per år. Prøvetaking skal fordelast jamt utover året. Ved høge utsløppsverdiar (< 10 mg/l) skal talet på prøver aukast. Vassprøver skal takast frå prøvetakingskum ved utløpsrør.

- **Tilsyn:** Anleggseigar skal ha jamleg ettersyn med anlegget. Verksemda skal ha interne rutinar for dette. I rutinane skal det komme fram korleis anlegg skal tømmast, driftast og vedlikehaldas. I rutinane skal det opplyst om kven som skal kontaktast ved uønskede hendingar. Det skal førast journal over utført tilsyn.
- **Vedlikehald:** Regelmessig tømning og vedlikehald av oljeutskiljar er avgjerande for anlegget sin funksjon. Tømmefrekvens avhenger av anlegget sin størrelse og effekt. Alle utskiljar volum (sandfang, oppsamlingstank, inn/utløpsrør m. meir) skal reingjerast og kontrollerast minst 1 gong per år. Reingjering og kontroll kan utførast i samband med tømning av oljeutskiljar.
- **Tømmeavtale:** Det skal ligge føre skriftleg avtale mellom verksemda og godkjent tømmeoperatør. Avtale skal omfatte minst 1 tømning og minimum 2 representative prøver. Avtale skal være signert av begge parter og skal være sendt inn med ferdigmelding.
- **Driftsjournal:** Tømmeoperatør skal føre driftsjournal for anlegg. Driftsjournalen skal ligge hos kunden slik at den, til ein kvar tid, er tilgjengeleg for kommunen. I driftsjournalen skal tømmeoperatør fylle inn når anlegg er tømt, mengde olje tømt (oppgitt som % av anlegget sitt våt volum eller målt i cm). Tidspunkt for prøvetaking skal førast inn og når anlegg er reingjort og kontrollert. Det skal opplyst om kva del av anlegg som er reingjort og kontrollert.
- **Årsrapport:** Det skal sendast inn årsrapport for anlegg for kvart driftsår. Årsrapporten skal innehalde tømmerapportar, prøve analyser og kopi av drifts- og tilsynsjournal. Frist for innsending av årsrapport for driftsåret er 1. februar påfølgjande år.
- **Ferdigmelding:** Når arbeid er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdaterte teikningar og situasjonsplan med innmålingsdata som bygd (sosifil). Situasjonsplan skal vise rør føring frå bygg til tilknytingspunkt offentleg leidningsnett. Anlegg skal ikkje takast i bruk før ferdigmeldinga er godkjent.

Det er med heimel i lokal forskrift om «på slipp/utslepp av olje- og fetthaldig avløpsvatn - Alver kommune» og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelsen» at Samferdsel, veg-,vatn- og avløp forvaltning sett krav til oljeutskiljar anlegg som skal ha utslepp via overvassnett til resipient (sjø, terreng og heilårs bekk).

Føremål med krava er å sikre at olje vert skilt ut i frå avløpsvatnet før dette vert ført til resipient.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan på klagast til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det komme fram kva som vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Borlaug & Brosvik Eiendom As Floghaugane 24 5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Mjelstad Og Stokke Fotlandsvegen 5282 LONEVÅG
Rørleggerforretning As 39